
Studiekvalitetsmelding for 2022

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE)

Tilbake til kvardagen

Pandemien sette i langt mindre grad preg på undervisninga i 2022 sjølv om timeplanen måtte leggjast på nytt nokre gonger før vårsemesteret. Det har vore ein overgangsfase der særleg studentane har blitt vane med at undervisning kan skje digitalt, og somme har ønska seg meir av dette, medan andre er veldig nøgde med at vi no har eit campustilbod med alt det inneber av undervisning og fagleg-sosial aktivitet. Studieadministrasjonen er no meir stabil, med fleire tilsette som no har vore her over lengre tid. Likevel har vi hatt utfordringar med noko vikarbruk, og det at nokre av rutinane kanskje har forsvunne litt under pandemien. Vidare har studieleiaren fungert som administrasjonssjef i nokre månader, noko som nok har ført til at ein ikkje har kunna følgt opp alt på så godt vis som ein skulle ønske. Heldigvis har studieleiaren hatt ei god støtte i ein av dei erfarne studiekonsulentane, som har tatt på seg nokre av oppgåvene i perioden. LLE er pilot i FRAM-prosjektet, noko som har ført til at vi har fått høve til å sjå litt på dei administrative systema knytt til undervisning. Til dømes har vi sett på korleis Mitt UiB kan nyttast på ein meir føremålstenleg måte, vi har fått gitt tilbakemeldingar om Leganto og vi skal halde på denne dialogen vidare. Ekstra glade er vi for at vi har fått unntak frå HF's utfyllande regel om at det skal gjennomførast vurdering begge semester. Dette blir innført frå og med våren 2024 som ei testordning. Vi håpar dette vil føre til at fleire gjennomfører i undervisningssemesteret, og ikkje ber med seg forseinkingar vidare i studieløpet. Vi opplever at få møter til midtsemestereksamen, så arbeidet som blir lagt ned frå fagleg og administrativ linje, kjennest unødig og overflødig. Vi held fram fokuset på å ha undervisning i balanse med ressursane, slik at dei som underviser også får nytta forskingstida si til forskning.

I svara på spørsmåla i bestillinga, nyttar vi døme frå nokre av fagmiljøa sine tilbakemeldingar i eigenvurderingane dei har levert, men også nokre døme frå rapportar frå eksterne fagfellar.

Oppfølging av fjorårets studiekvalitetsmelding

I studiekvalitetsmeldinga for 2021 avslutta vi med å liste opp kva vi ønskte å arbeide vidare med:

Å oppretthalde og fokusere på den gode kontakten med studentane gjennom fagutvalsarbeidet.

No har alle faga unntatt klassisk etablert fagutval, og Instituttutvalet er operativt. Vi har halde fram med frukostmøte for fagutval/instituttutval kvart semester. Instituttutvalet arrangerte kick-off for fagutval i haust, og dei har ansvaret for å fordele midlane som instituttet set av til fagutvalsarbeid.

Å oppretthalde fokuset på emne- og programevalueringar.

Digital kultur og allmenn litteraturvitskap leverte sine femårige programevalueringar i 2021 og begge studieprogramma i begge faga fekk reakkreditering. Vi minner stadig om studiekvalitetssystemet, og vi minner fleire gonger i semesteret om emne- og eigenvurderingar. Vi har tydeleg fokus på kva desse skal innehalde, og kva som er formålet. Dette ser ut til å ha fått noko betre feste enn tidlegare.

Å styrke dei studieadministrative rutinane for studiekvalitetsarbeidet.

Her har vi nok ikkje vore like bevisste. Men studieadministrasjonen følgjer opp når påminningane kjem. Vi er veldig glade for at arbeidet med rutinesamlinga på fakultetet blir tatt opp att. Vidare har studiekonsulenten i det enkelte fagmiljøet i større grad blitt bevisst på kva oppgåver som treng oppfølging og vedlikehald.

Å sette fokus på dei eksterne fagfellane og viktigheita av arbeidet dei gjer.

Alle fagmiljøa har per no ekstern fagfelle. Vi har òg sett ein auke i innleverte rapportar. Vi har fått synleggjort overfor fagmiljøa kor viktig det er at dei har tydelege avtalar for kva dei ønsker at fagfellen skal sjå på i oppnemningsperioden. I arbeidet med dei femårige programevalueringane, har ein òg fått integrert den eksterne fagfellen meir.

Å fokusere på tverrfagleg samarbeid på instituttet.

Dette er eit arbeid vi set mykje fokus på. Vi ser at somme fagmiljø er på tilbodssida for å krysse faggrensene ved å tilby undervisningssamarbeid, men dette er noko som treng modning. Det er gledeleg at fagmiljøa i digital kultur, teatervitskap og kunsthistorie har gått saman for å opprette eit felles innføringsemne til førstesemesterstudiet.

Å sjå på emne- og studieplanporteføljen og sjå kvar det kan gjerast gode endringar i hardt pressa fagmiljø.

Her har vi òg litt veg å gå, men det er planlagt revisjon/redesign av bachelorprogrammet i digital kultur. Vi synest det er gledeleg at dekanatet her har sett i gang eit arbeid med porteføljesprosjektet, som vi trur vil kunne vere eit godt startskot for å sjå på korleis vi kan forenkle og dimensjonere studietilbodet. «Endring for bevaring» er eit slagord vi har i mente når vi ser at finansieringa ikkje står i stil med den faglege breidda vi har eit ønske om å kunne tilby.

Svar på bestillinga for studiekvalitetsmeldinga for 2022

Korleis arbeider de med kvalitetsutvikling i utdanningane?

Det blir skrivne eigenvurderingar kvart semester for alle emne, og desse blir diskuterte i programstyra. Vi gjennomfører studentevalueringar minst kvart tredje år emnet går, og når det er nye emne eller det er gjort større endringar på emnet. Også når det har kome inn negative tilbakemeldingar, blir det sett opp studentevaluering om det er utanom syklusen. I desse tilfella inviterer vi òg til møte med den som melder inn. Av og til er det framlegg til endringar i evalueringane, og då blir dette diskutert og løfta som ei eiga sak om endring i emneplanen. Rapportar frå eksterne fagfellar blir grundig diskutert, både i fagmøte og programstyremøte.

Vi har semestervise møte med fagutvala og instituttutvalet der vi får tilbakemeldingar også frå studentane på kva som fungerer og kva som kunne ha vore gjort betre. Mange av tilbakemeldingane går på ønske om meir arbeidslivsrelevans og informasjon om moglege yrkesveggar.

Korleis arbeider de med studentaktiv læring?

Mange emne har studentaktive læringsformer i obligatoriske undervisningsaktivitetar som gir god trening i skriving, sjangerforståing og kommunikasjon. Vi har hatt stor glede og nytte av tildelingane frå fakultetet til undervisningsassistentar, og det har vore veldig gledeleg at tildelingane var større enn normalt i 2022. Instituttet set òg av ein større sum av eige budsjett til dette formålet i 2023.

Dette er noko studentane òg ønsker seg som eit tilbod utover den elles planlagde undervisninga. Kunsthistorie sin eksterne fagfelle melder i sin rapport: «I flere av emnene i bachelorprogrammet brukes studentaktive lærings- og vurderingsformer, og det legges tilrette for å øve opp praktiske ferdigheter og arbeidslivsrelevant kompetanse». Døme på slike aktivitetar er mellom anna museumsbesøk og byvandringar der studentane diskuterer og analyserer i grupper. Det nye førstesemesteremnet til digital kultur, kunsthistorie og teatervitskap har ei rekke studentaktive læringsformer, til dømes skal studentane sjølv, i grupper, organisere besøk ved kulturinstitusjonar i Bergen, og diskutere, analysere og skrive refleksjonar kring det dei har sett. Andre døme på studentaktiv læring kan vi hente frå nordiskmiljøet si eigenvurdering:

*Det har vært jobbet aktivt med innføring av studentaktiv undervisning ved nordiskprogrammene i 2022. Her skal det bare listes opp noen eksempler. Programmer knyttet til **nordisk litteratur**: Her har det vært opprettet studentdrevne arbeidsgrupper, som etter arbeidet tilbys et digitalt møte med faglærer for diskusjon av resultatet. Det har også vært innført et opplegg der studenter presenterer semesteroppgaver ved litteraturhuset. Dessuten har man et masterforum styrt av masterstudenter, og en presentasjonsdag med respondentinnlegg ved det prosjektforberedende kurset (som gjelder både nordisk språk og litteratur, didaktikk og norrønt). Ved **norrøn filologi** har man innført studentkonferanse som obligatorisk aktivitet, der studenter kommenterer hverandres presentasjoner. Man lar også studentene utarbeide deler av pensum på egenhånd. Ved **norsk som andrespråk** har man innført et opplegg hvor studentenes arbeidsoppgaver sirkuleres og kommenteres av de andre studentene. Ved **nordisk språk** har man masterforum og innføring av omvendt klasserom ved emnet NOSPAN 101. Ved **nordisk didaktikk** har man blant annet innført et opplegg der studentene lager video som kommenteres av andre studenter. Evalueringer tyder på at disse og andre tiltak verdsettes av studentene.*

Korleis arbeider de for betre kontakt mellom studentar og arbeidslivet, og større medvit hos studentar om kva utdanninga kan brukast til?

Instituttet og kunsthistoriemiljøet er svært glade over at Museologifestivalen fekk Sporveugleprisen for 2022. Denne vara frå 12. – 16. september, med mange faglege arrangement kvar dag, både på campus og Litteraturhuset. Det blei også halde ei utstillingsarbeidsstove knytt opp mot emna KUN108 og KUN254.

Emnet Praktisk informasjonsarbeid er og har vore viktig med tanke på kontakt mot arbeidslivet. Det har vore utfordringar med ressursane knytt til emnet, så no er emnet gjennom ein revisjon for å gjere det meir berekraftig med tanke på ressursituasjonen.

Teatervitskap har emne med moglegheit for praksis i arbeidslivet (TEAT253 og TEAT310). Og der hender det at studentane held fram med å arbeide same stad når praksisen er ferdig. Desse emna knyter òg tettare band mellom bedriftene og fagmiljøet. I TEAT113 følgjer studentane ein produksjon der dei får innblikk i korleis ein produksjon fungerer, og ulike sider ved denne. Dei får òg møte personar med ulike roller i produksjonen/teateret, og blir difor også presenterte for ei rekke ulike yrkesval innan teateret.

Digital kultur planlegg ein revisjon av bachelorprogrammet, og der har dei løfta at kontakt med arbeidslivet og bevisstgjerings av eigen kompetanse er noko dei vil ta inn i dette arbeidet. At dei gjer dette er ekstra gledeleg sidan ekstern fagfelle nemner at arbeidslivserlevansen i programmet ikkje er godt nok synleggjort.

Elles opplever vi at arbeidslivsrelevans er tematisert i undervisning og program, men at vi nok generelt må finne måtar å gjere dette meir synleg og direkte uttala. Til dømes kan det vere nyttig om

studentane i endå større grad kan velje tema for bacheloroppgåva sjølve, og slik velje noko som kan vere meir direkte retta mot arbeidslivet.

Kva tenkjer de om utveksling? Er utveksling eit verktøy for å skape fagleg breidd, eller er det spesifikke krav til emne studentane må ta under utveksling?

I hovudsak blir nok utveksling sett på som eit verktøy for å skape fagleg breidd, men naturlegvis også ein måte å ha personleg utvikling gjennom å oppleve andre kulturar og akademiske tradisjonar. Dersom dei vel å ta emne innan spesialiseringa, må emna bli godkjende av fagmiljøet på førehand, men elles blir det ikkje stilt særskilte krav til kva emne studentane skal ta så lenge dei er på høgt nok fagleg nivå.

Den eksterne fagfellen på kunsthistorie har sett særleg på internasjonalisering i sin rapport, og peiker på ei rekke utfordringar kring det administrative, og det at studentane ikkje har nok kunnskap om kva som må til, korleis det går føre seg og så vidare. Teatervitskap deltok i pilotprosjektet om utveksling, og har fått mykje godt ut av denne prosessen. Det vil ta litt tid før ein kan sjå ringverknader av denne prosessen, men vi merkar at det er meir interesse for utveksling mellom studentane sidan det oftare blir nemnt i undervisninga.

Administrativt ønsker vi at det skal bli sett på som enklare å reise på utveksling. Vi har fått innspel frå nokre fagutval om kva informasjon dei synest dei manglar, og det blir arbeidd med å gjere informasjonen meir oversiktleg og tydeleg. Ein av studiekonsulentane har internasjonalisering som eit særleg ansvar, og ho har kome med gode tankar om korleis vi kan bli betre på dette. Det er eit mål for instituttet at fleire studentar har utveksling som ein del av graden.

Korleis arbeider de med å innlemme studentane i forskingsarbeid og utdanne ein større del kandidatar på masternivå?

På Kunsthistorie har dei revidert heile masterprogrammet og emnet KUN323 – Forskingsfordjuping i kunsthistorie: feltarbeid, fagmiljø og fellesskap. Dette emnet legg no opp til at masterstudentar får delta i forskingsprosjekt, eller arbeid relatert til forskingsprosjekt. Emnet går for første gong våren 2023, og då kan studentane velje mellom to ulike forskingsprosjekt dei kan delta i (NorWhite og FLAME). Elles er det gjeldande for mange av emna våre på 200/300-nivå at ein har tema frå aktuell forskning som den som underviser held på med.

Fleire av fagmiljøa våre arrangerer grupper der masterstudentane møtest for å legge fram prosjekta sine og få feedback. Dette gjeld mellom andre allmenn litteraturvitskap, som innførte dette for å betre gjennomføringa. På kunsthistorie er desse foruma obligatoriske for å få levere. Vidare prøver vi frå administrativ side å sikre at kandidatane er i kontakt med rettleiarane. Så vi ber studiekonsulentane undersøke dei som har meldt seg opp til vurdering. Har rettleiar kontakt? Viss ikkje, blir dei bedne om å få kontakt. Vi har tydeleggjort at ein ikkje kan levere på nytt (under gjeldande regelverk) den same oppgåva ved stryk. Dette er noko vi stadig tar opp i UUI. Studentar ved LLE har òg deltatt i «shut up and write», og andre samlingar arrangerte av Universitetsbiblioteket ved John Wilhelm Flattun. Dette er godt mottatt.

Generelt vil vi framheve at masteravhandlingar på 60 studiepoeng i seg sjølv skaper gode vilkår for å innlemme studentane i forskingsarbeid. Våre forbedringspunkt gjeld nok her i større grad på BA-nivået enn på MA-nivået. Prinsippet om forskingsbasert undervisning legg også forholda til rette for at studentane kan bli innlemma i forskingsarbeidet.

Korleis arbeider de med redesignprosessen for lektorutdanninga?

Fagmiljøet i nordisk har deltatt i prosessen som har vore leia frå lektorsenteret, og vi har hatt ein medlem i arbeidsgruppa. Likevel ber prosessen på instituttet preg av at vi har venta på svar når det gjeld kva for modell som skulle veljast. Strukturelle endringar vil påverke også disiplinprogramma, så rammene må vere klare før vi kan begynne å fylle dei med fagleg innhald. I fagmiljøet er ein særskilt opptatt av å finne løysingar som er berekraftige og som vil gi stabilitet over tid.

Andre tema de ønsker å løfte og diskutere

Sommarkurset i norsk språk og kultur har blitt lagt ned etter mange års drift. Det er synd at dette gode tilbudet forsvinn, men vi ser at når Atle Kristiansen, som har drive tilbudet, går av med pensjon, blir det for omfattande å drifte på ein ressursmessig berekraftig måte. Arbeidet med å tilpasse undervisningstilbodet til faste ressursar, har skapt ei mentalitetsendring i fagmiljøa. Det er likevel krevjande fordi fagmiljøa har høge krav til eigen studiekvalitet og strekker ressursane sine langt for å ivareta dette. Ein merkar også at mindre fagmiljø kan oppleve forventningar til gjennomføring i tydinga produksjon som ein stressituasjon. Her er det å håpe at arbeidet med utvikling av studieporteføljen kan skape stabilitet over tid innanfor rammer som samlar brei støtte på fakultetet.